

Voss kyrkjelyd

# ÅRSMELDING 2017 VOSS KYRKJELYD





# Voss kyrkjelyd

## 1. Soknerådet

### Faste medlemmer:

*Eli Grinde Bjørgum, Cissel Norunn Erdal, Inger Johanne Gullbrå, Snialvur Joanesarson, Einar Melve, Inger Sigh Petersen, Olav Trå, Brit Dagny Midttun, Sigurd Langehaug og Haldor Lid*

### Presterepresentant:

*Kjersti Brakestad Boge*

### Varamedlemmar:

*Nora Sætre Baartvedt*

### Gjekk ut av soknerådet / har fått permisjon i perioden:

*Ingvill Leira*

**Leiar:** *Inger Johanne Gulbrå*

**Nestleiar:** *Ingvill Leira*

**Møteskrivar:** *Cissel Norunn Erdal*

**Kyrkjeleg Fellesråd:** *Snialvur Joanesarson*

**Kasserar:** *Eli Grinde Bjørgum*

Soknerådet har etter statuttane eitt medlem i styret for **Voss**

**Barnevernsenter/Barneheimen** i tillegg til soknepresten: Eli Grinde Bjørgum



# Voss kyrkjelyd

## 2. Medarbeidarar i kyrkjelyden

### Desse har vore i løna arbeid i Voss kyrkjelyd i 2017 gjennom Fellesrådet:

Svein Tøsse	kyrkjeverje
Åslaug Styve Mjånes	ass. kyrkjeverje
Idunn Holen	sekretær (deltid)
Lene K. Printzlau Wiik Brunborg	sekretær (deltid)
Irene Bjørtomt	sekretær (deltid) til 31.mars
Magnus Kløften	kantor
Frode Vik	organist (70%) tilbake frå permisjon frå 1.sept.2017
James Reed	organist vikar 25.mars til 1.september
Åshild Bøe Kharazmi	barnekor (30%) og frå 1.august 50% og vikar i trusopplæringa
Rønnaug Skjeldal	kateket
Camilla Velsvik Sønnesyn	trusopplærer (80%)
Tone Brekke	trusopplæring (30%) slutta 1.mai
Sigrid Djukastein Mala	diakon
Beate Olsen	diakonimedarbeidar (50% vikariat frå 1.desember)
Thomas Velsvik	kyrkjetenar
Bengt Arvidsson	kyrkjetenar (deltid)
Nora Baartvedt	kyrkjetenar/kyrkjevert (deltid)
Arne Mosefinn	red. Kyrkjennytt m.m.



# Voss kyrkjelyd

## Prestane:

Kjersti Brakestad Boge	sokneprest Voss
Arild Hellesøy	prost
Raymond Cato Torsvik	sokneprest Vinje og Oppheim

## Prestevikarar:

Johannes Melve	Pensjonist
Marte Birkeland Åsen	Praksiskandidat
Mari Sønnesyn Berg	Praksiskandidat
John Ove Thaulé	Pensjonist
Jostein Skutlaberg	Prostiprest
Ivar Molde	Pensjonist
Arne Øystese	Pensjonist
Jarle Veland	Pensjonist
Helge Hitland	Pensjonist

I tillegg til desse er det kyrkjegardsarbeidarar – og det er **turistvertar** i Vangskyrkja sommarstid. Det var Camilla Martine Velsvik, Lea Haugsbø, Audun Solli og David Brakestad Boge

Det er dessutan slik at tilsette med hovuddelen av arbeidet sitt i andre av sokna våre, innimellom gjer teneste også i Voss sokn.



## 3. Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har i 2017 hatt 10 møte og handsama 40 saker.

**Soknerådet har hatt glede av vitjing på tre møter:**

*Arne Mossefinn* orienterte om Grøn kyrkjelyd 23.januar.

*Åsgeir Brunborg* orienterte om økonomiarbeidet i soknerådet 23.januar.

*Rønnaug Skjeldal* orienterte om trosopplæringen 1.mars.

*Magnus Kløften* var og orienterte om kyrkjemusikalsk arbeid og nemnder på møtet 26.april.

*Sigrid Djukastein Mala* orienterte om sorgprosessar rundt gravferd 27.september.

### Av saker soknerådet har handsama i 2017

**Rekneskap og økonomi:** Framlagt rekneskap 2016 med notar vart vedteke. Budsjett 2017 vedteke slik det låg føre. Akasia ved Kirkelig fellesråd i Bergen fører no rekneskapet for soknerådet. Vi har vedteke nytt økonomireglement. Og vi har teke i bruk Vipps-konto til takkoffer i Vangskyrkja.

**Uttale om skulegudstenester:** *Soknerådet skulle sjølv sagt ynskja at jolegudstenestene held fram som tidlegare, med si opprinnelege form og innhald. Om dette er eit hinder for at skuleborna kjem til kyrkja før jol, ynskjer soknerådet at kyrkja og skulen finn ei form for samlingar som begge partar kan leva med. Og at eventuelle julesamlingar får eit innhald som er klart knytt til den kristne jula*

**Arbeid med gudstenester:** Vi har hatt gjennomgang av gudstenesteplan og takkoffer, oppnemning av nytt gudstenesteliturgiutval og vi har vedteke bruk av PowerPoint til liturgien i gudstenestene. Vi har også bede Fellesrådet starta opp arbeidet med å leggja til rette for direkteoverføring frå kyrkja til sjukeheimane.

**Senking av kiste ved gravferd:** Soknerådet har vedteke å endra skikken på gravplassen med



## Voss kyrkjelyd

å ikkje senka kista ved gravferd. Sidan 2002 har det i gravferdslova vore bestemt at kistene skal senkast ved gravferd. Vedtaket var: *Vi går inn for å endra rutinene rundt senking av kista i gravferdsritualet i tråd med gjeldande lovverk.* Vidare gjekk soknerådet inn for: *jordpåkasting skal skje før kista blir senka.*

**Innkjøp:** Vi har kjøpt inn ny infotavle foran kyrkja, dobbel kaffitraktar til kyrkja, laga til kaffikoppar med bilete av Vangskyrkja til å gje som gåver og gjeve ei gåve til Mjølfjell kapell vedkommande 50-årsjubileumet. Vi har Handsama finansiering av nytt flygel til Vangskyrkja og vonar at vi snart skal få kjøpt inn nytt flygel.

**Uttale** om nytt kyrkjeleg fellesråd i samband med kommunesamanslåinga med Voss og Granvin.

**Høyring** om Bjørgvin Bispedøme sine strategiar framover.

Vi har hatt oppe **kyrkjelyden sine planar** for grøn kyrkjelyd, kyrkjemusikalsk arbeid og trusopplæring.

### Andre oppgåver:

- Delteke på fasteaksjon/Kirkens Nødhjelp
- Sosialt samling med dei tilsette i kyrkja i juni.
- Hjelpete til ved konfirmasjonsgudstenestene i mai
- T-4 med tillaging og servering av bollar

*Inger Johanne Gullbrå*



## Voss kyrkjelyd

### 4. Misjonsprosjektet: Blånildalen, Ethiopia

#### Landsbyutvikling i Agalo, Blånildalen

Vi samla inn gåver til misjonsprosjektet 5 gonger i løpet av 2017. Den 30.04.2017 hadde vi basar som var godt besøkt, kor det kom inn meir enn 20.000,- kr til prosjektet, tusen takk for det!

Totalt er det samla inn: **57 800,-kr** et fint beløp!

*Inger Sigh Petersen*, Leiar i misjonsnemnda


### 5. Gudstenestenemda

Dei siste åra har vi hatt ei gudstenestenemd, oppnemd av soknerådet.

**Faste deltakarar** har vore *Kjersti B.Boge, organist James Reed (på våren), organist M.Kløften (på hausten), Knut Hernes, Nils Dagestad, Irene Bjørtomt, Torill Ringeheim, Nora Baartvedt*. I tillegg har fleire vore med ved planlegging av særskilte gudstenester.

Vi hadde **9 møter** og planla 18 gudstenester i 2017. Blant anna Tomasmesse 12.mars og 15.august, Misjonsgudsteneste 30.april, Konfirmasjonane i mai, Olsolkgudstenestene på Krossaset, Konfirmantpresentasjon 27.august, Hausttakkefesten 1.oktober, Helgemesse 5.november og Gudstnesta kl.14 på Jolafta, 1.joledag og 2.joledag. I samband med reformasjonsjubileumet, 31.oktober var vi med og arrangerte teaterforestillinga Martin i lag med trusopplæringa.

I 2017 fekk vi eit lite budsjett til arbeidet i gudstenesteutvalet og det har gjeve oss eit større handlingsrom i arbeidet med gudstenestene.



## 6. Gudstenesteliturgiutvalet

Soknerådet oppnemde desse til å sitja i eit gudstenesteliturgiutval: *Kjersti Brakestad Boge (sokneprest), Magnus Kløften (kantor), Torill Ringheim (frå klokkarlaget), Inger Sigh Pedersen (frå soknerådet), Britt Hernes (frå førre utval) og Nils Dagestad (frå gudstenestenemda).*

Vi møttest 25.10.2017, 22.11.2017 og 04.01.2018.

### Mandatet var:

Å utforme forslag til liturgi til lokal grunnordning for høgmesse i Vangskyrkja.

Førre liturgi vart ikkje godkjent fordi den var for lik det som var før. Vi må i større grad sette fastsetta kva for alternativer som skal brukast i Vangskyrkja.

### Utgreiing:

Vi treng minst 3 forskjellige liturgiar:

- Høgmesse med dåp
- Høgmesse med nattverd
- Høgmesse med dåp og nattverd

Trusopplæringsutvalet skal levera forslag til familiegudstenester.

### Våre vurderingar:

*Liturgi* kjem frå gresk, av *Laos og ergos, folk og arbeid*. Etter vår meining er det viktig å skapa ein liturgi for høgmessene som oppmuntrar til deltaking for alle. Det er også viktig at folk etterkvart kjenner igjen både dåp og nattverdsliturgiar, både med innhald og plassering i gudstenestene. Samstundes er det viktig at høgmessene ikkje blir for lange for ofte.

Vi vil halda fram med førebuingdelen, slik den er i dag. Utan ekstra informasjon eller stille stund.

Vi har sett fram forslag til samlingsbøner til dei ulike høgmessene som vi ynskjer blir brukt. Til vanleg ynskjer vi ikkje å bruka Dagens bøn. Men liturgen kan velja det i staden for samlingsbøn, dersom han/ho finn det best for innhaldet i søndagen.

Vi ynskjer at dåpen alltid skal koma tidleg i gudstenesta, slik at dåpsfylgjet faktisk deltek i gudstenesta og slik at folk flest opplever at ordninga samsvarar frå gong til gong. Vi ynskjer





## Voss kyrkjelyd

at namnet til dåpsbarnet ikkje skal seiast før dåpen og at fullt namn skal kunngjerast i kunngjeringane.

Vi ynskjer å halda fram med ordninga med dåpslys.

Vi ynskjer at dåpsfylgjet blir sittande i gudstensta til Utsendinga er ferdig.

Vi ynskjer å halda fram med å ha syndsvedkjenninga før forbøna i Høgmesse med dåp og nattverd og Høgmesse med nattverd. Under Høgmesse med dåp ynskjer vi å bruka samlingsbøn 6 som handlar om dåpen og som inneheld ei syndsvedkjenning.

Vi ynskjer å halda fram med å syngja Kyrie og Gloria slik som i dag. Vi ynskjer også bruk av utvida Gloria på Høgtidsdagar.

Vi ynskjer å få utforma ei lokal forbøn som brukast i Høgmessene. Det gjerast i desse dagar.

Vi ynskjer bruk av Litani i fastetida og bruk av fredslitaniet på 17.mai.

Vi oppdaga at det er opning for at høgmesser ikkje må ha tre tekstlesingar. Vi ynskjer å ha tre tekstlesingar i Høgmesse med nattverd, to tekstlesingar i Høgmesse med dåp og ei tekstlesing i Høgmesse med dåp og nattverd.

Vi ynskjer å halda fram med å bruka den apostoliske truvedkjenninga til vanleg, men ynskjer å bruka den nikkenske truvedkjenninga på 1.dagar.

Vi ynskjer å halda fram med kunngjeringane som i dag og at vi minnst dei som er gravlagde sidan sist. Dersom det skal vera helsingar i gudstenesta er det naturleg under kunngjeringane.

Vi ynskjer å halda fram med takkofferet som i dag, før nattverdsliturgien startar, som eit eige ledd, slik at ingen skal føla at dei må betala for å få nattverd. Vi ynskjer heller ingen frambering av nattverdselementene. Vi ynskjer avalkolisert vin og glutenfrie oblatar som i dag. (Oblatane kunne godt vore større, då var det også enklare med intinksjon).

Vi ynskjer som regel å ha kneling ved alteret under nattverden, kontinuerlig for å spara litt tid.

Vi har valt ei ønska nattverdsbøn alt.E som vil verka gjenkjennbar frå gang til gang. Men liturgen kan velja ei anna.



## Voss kyrkjelyd

Vi ynskjer å ha med Fredshelsinga og at kyrkjelyden helsar på kvarandre.

Vi ynskjer å byrja å bruka Vår far i himmelen.

Vi ynskjer å halda fram med den liturgise musikken som i dag.

Vi ynskjer at kyrkjelyden står under siste salme.

Trusopplæringa har utforma eigen liturgi for sine samlingar.

Vi ynskjer som hovudregel å ha dåp 2 gonger i månaden.

**Biskopen skal godkjenna den nye liturgien.**

## 7.Trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid

Her vil Trusopplæringsdagar (T-dagar), konfirmantarbeid, samarbeid med barnehage og skule og det kontinuerlege barne og ungdomsarbeidet vera omtala.

**Bemanninga** innafor undervising i Voss kyrkjelege fellesråd 2017:

- Kateket *Rønnaug Skjeldal* (100 %),
- Kyrkjelydspedagog *Camilla V. Sønnesyn* (70%. Sjukmeld store delar av året).
- Trusopplæringsmedarbeidar *Tone Brekke* (30%) fram til og med mai.
- *Åshild Bøe Karazmi* har vore tilsett i 30 % inn mot Mini-Midi Sing/ TweenSing, samt 20% fast stilling etter Tone og som vikar for Camilla i 50% frå 1. august.

I tillegg er mange av dei andre tilsette med i trusopplæringa.

### Trusopplæringsdagane i 2017

- **Dåpsamtale** og dåp. Starten på trusopplæringa (37 gutar, 31 jenter frå Voss sokn vart døypte. Av desse var ein gut født i 2012, og ein gut og ei jente fødd i 2002 døypt. 13 gutar og 12 gutar frå andre sokn, døypte på Voss.)
- **T1** Babysong, haust (4 jenter, 13 gutar = 24 % av årskullet). I vår vart det avlyst.



## Voss kyrkjelyd

- **T2** Krølletreff. Avlyst.
- **T3** Undretur, ( 6 jenter, 4 gutar = 11 % av årskullet)
- **T4** Utdeling av barnebibel vår og haust (32 jenter, 26 gutar = 61 % av årskullet)
- **T5** Julekrubbeverkstad (25 jenter, 19 gutar = 41 % av årskullet)
- **T6** Skulestartsamling (16 jenter, 14 gutar = 25 % av årskullet)
- **T7** Påskefest (6 jenter, 3 gutar = 8 % av årskullet)
- **T8** Tårnagentar. Avlyst
- **T9** På sporet av Heilag Olav. Avlyst
- **T10** Kristuskransen (23 jenter, 6 gutar= 26% av årskullet). Dette var eit nytt tiltak i 2017.
- **T11** Lys Vaken (24 jenter, 24 gutar = 47 % av årskullet)
- **T12** Miljøagentane. ( 5 jenter, 1 gut)= 5 % av årskullet
- **T13** «Midt i blant oss». Avlyst
- **T14** Intro til konfirmasjonstida (54 jenter, 40 gutar = 77 % av årskullet)
- **T15** Konfirmasjon (67 gutar, 55 jenter = 93 % av årskullet)
- **T16** Tacoparty. Avlyst
- **T16-18** Life Skills. Ikkje starta.
- **T18** «Eg er med deg alle dagar». Ikkje starta.

### **T16-18** «Eg er med deg alle dagar»- Oppstart i 2018

**T15** er sjølve konfirmanttida og konfirmasjonen i mai. I januar har me to konfirmantturar til Helgatun for konfirmantane. Til desse turane har me god hjelp av ungdomar som leiarar. Dei tek seg av ein del av programmet og hjelper til med mykje av den praktiske gjennomføringa av turane. I samband med dette har me leiarsamling i forkant av turane.

Konfirmantane har ulike lineval slik at dei kan vera med på noko innafor deira interessefelt. I tillegg har me fellessamlingar for alle konfirmantane fleire gonger i året.

**Leiarutvikling** er viktig både for konfirmantarbeidet og for trusopplæringa. Skuleåret 2016-2017 hadde me Minileiarkurs for 19 av 10.-klassingane. MILK er eit samarbeid mellom Voss KFUK-KFUM og Voss kyrkjelyd. For skuleåret 2017- 2018 har me også 19 10.-klassingar på dette kurset. Deltakarar på kurset er både leiarar på T-dagar og i konfirmantarbeidet.

**Kontinuerleg arbeid** er viktig for at born og unge skal finna sin plass i kyrkjelyden. **Mini-, Midi- og TweenSing** er korarbeid for born frå 4-12 år. Medlemstalet til Mini Midising har



## Voss kyrkjelyd

vore på rundt 8 i år. Koret heldt i haust, som i alle tidlegare år til i Vangskyrkja. Koret er drive av ein tilsett i kyrkja ,samt ein elev frå musikkllina ved Voss Gymnas som akkompagnerer på piano. Koret har i år delteke på T4, T7, sunge på barnegudsteneste på julafta og hatt førjulskonsert på Voss sjukeheim .

Mini Midising samarbeidar ofte med Voss TweenSing som er eit samarbeid med Voss KFUK-KFUM.

Tweensing har i snitt ca. 12 born. I samarbeid med Mini Midising har dei laga til «born hjelper born»- basar til inntekt for Redd barna og hatt den tradisjonelle årlege adventskonserten i kyrkja, 1. sundag i advent. Tweensing har og sunge på Tensing sin årlege konsert i Gamle kinoen og deltok og på leir ilag med fleire andre Tweensgrupper frå Hordaland på Tweensleir i Åsane.

For Ungdomar mellom 13 og 18 år er **Refleks Ten Sing** eit tiltak som kvar torsdag samlar kring 90 ungdomar i Vonheim. Kateketen har ein naturleg plass inn i dette arbeidet.

**Samarbeid med skule og barnehage** er for tida stort sett konsentrert til julesamlingar i adventstida. I 2017 hadde julesamlingar for alle skulane i Vangskyrkja. I framtida vil me fortsetje og utvikle desse samlingane.

Dette året hadde me ikkje kapasitet til julevandring for barnehagane. Men i løpet av året har nokre få grupper vore innom i kyrkja for å sjå.

### **Søndagsskule**

Vangen søndagsskulen var i drift våren 2017. Men med svært få born. Hausten 2017 vart det ikkje nokre samlingar. Me bør vurderer korleis dette arbeidet kan drivast vidare på ein god måte. Ikkje minst treng me fleire leiarar.

*Rønnaug Skjeldal, kateket*



## Voss kyrkjelyd

### 8. Diakoniarbeid

#### I kyrkjelyden si besøksteneste

har me i dag 20 besøkjarar, ca 30 får besøk. Her er det plass til fleire besøkjarar! Haust og vår har me samlingar, med ulike tema. Ein gong i året arr. me kurs for nye besøkjarar. Alle får tilbod om kurs. Mykje av tida mi går såleis med til å organisere og fylgje opp besøkstenesta.

Tenesta som diakon er elles prega av mykje heimebesøk, og samtalar, unge som eldre. Livet byr på mange utfordringar som: einsemd, sjukdom vanskelege livssituasjonar og sorg. Denne biten aukar. Og eg ser det som svært viktig del i tenesta.

#### Sorggruppetilbod

Dette året har det ikkje vore gruppe, då for få melde interesse. Det har vore ein del sorgsamtalar og oppfølging av enkeltpersonar.

#### Eldrenemda/seniortreffet

har i år hatt 8 treff. Nytt frå hausten er at vi har endra dag og klokkeslett til tysdag kl.12.00. vi har også endra namn til Seniortreff. Dag og tid for å unngå å kolidere med andre tiltak. Det har gjennomsnittleg vore fleire på treffa gjennom heile året, ca 55 stk. Elles er innhald mykje likt som det har vore, med variert program. Vi har samarbeid med skulane og musikkskulen for å få song og musikk inn som fast innslag. Kari Bye er vår faste pianist og ei flott nemnd som lagar til treffa kvar gong! Ei stor takk til dei!

Vi tilbyr skyss, og skysskarane har vore: Bjørn Fareth, Agnar Lundblad og Sigurd Langhaug. Takk for at de stiller opp!

Treffa er støtta av: **Den kulturelle spaserstokken og Voss Sparebank, og Voss Hageland med blomster.**

I nemnda: *Eldbjørg F.Finne, Åshild Edal, Kari Molde, Agnar Afdal, Åsgeir Brunborg, Eldbjørg og Knut Farestveit, Bjørg Draugsvoll, Brit Midttun, Sigrid D.Mala diakon.*



## Voss kyrkjelyd

### Nemnda for kyrkjelydstur

For tida har ikkje nemnda nokon turleiarar og det har ikkje vore nokon tur i år.

### Fasteaksjonen, Kirkens Nødhjelp

Diakonen hadde i lag med soknerådet og kateketen ansvaret for førebuing og gjennomføringa av årets fasteaksjon, **4.april**. Konfirmantane gjekk ut to og to og samla inn pengar i Vossabygda med 67 bøsser. Det vart samla inn **kr.67833,-**.

### Andaktar på institusjonar

I 2017 har vi redusert antal andaktar på institusjonar, fyrst og framst på grunn av mindre presteressursar. Vi har hatt andaktar om lag ein gong i månaden, 10 gonger på alle institusjonane.

På sjukeheimane er det Kjersti B.Boge og Gerd Landro som har hatt andaktane. På Vetleflaten og Hagahaugen har Sigrid D.Mala og Ivar Molde hatt andaktane.

### Årsmelding 2017 frå arbeidsgruppa for «Grøn kyrkjelyd»

**Arbeidsgruppa** er samansett av: *Sigrid D. Mala (til oktober -17), Kari Bye, Britt Hernes og Arne Mosefinn*. Frå 2018 er *Cissel-Norunn Erdal* med i gruppa.

I 2017 har gruppa gjennomført desse arrangementa:

- **Skaparverksgudsteneste** i Vangskyrkja 21. mai. T12 hadde innslag/apell om feil bruk av plast. Kari Bye heldt preika. Etter gudstenesta var det invitert til kyrkjemiddag utanfor Kyrkjetunet. Her vart det grilla fisk i avis og banansplit. T12 planta eit epletre.
- Vi fekk laga eit **handlenett** som ikkje er i plast.
- Deltaking på **gudsteneste 17. september** med reformasjonstema «*Skaparverket er ikkje til sals*». Vi deltok i planlegging og under forbøna.



## Voss kyrkjelyd

Dessutan har det i kvart nr. av Kyrkjeytt stått ein artikkel med ymse råd som kan skapa eit betre klima.

For gruppa *Arne Mosefinn*

### Diakoniutvalet

har hatt to møte dette året, der alle sokna er representert med ein frå kvart sokneråd. Alle sokna har godt diakonalt arbeid.

Som diakon har eg tverrfagleg samarbeid i kommunen, eg deltek på fagdagar i Bjørgvin Bispedøme. Samarbeidar i gudstensteutval og har dette året for fyrste gong invitert inn sørgande frå siste året til Helgemesse og minnst dei døde. Eg er no meir inne i andaktstenesta på institusjonane, og takkar Gerd Landro som også tek del der!

Visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja:

**"Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste."**

*Sigrid Djukastein Mala, diakon*

## 9. FAGFELTET KYRKJEMUSIKK I VOSS SOKN FOR ÅRET 2017

### Innleiing

Året 2017 har vore eit år med nokre utfordringar på mannskaps-sida. Organist Frode R. Vik har vore i permisjon frå januar (eigentleg september 2016) og til 1. september. Kantor Magnus Kløften gjekk delvis sjukemeld frå januar og fram til mai. Etter ei 2. utlysingsrunde fekk me engelske James Reed inn som vikar for Frode R. Vik ifrå slutten av mars og ut august månad. Etter endt permisjon har Frode R. Vik vore i normal teneste att. Desse 2 kyrkjemusikarane gjer óg teneste i Evanger og Raundalen sokn. Kløften er hovudorganist for Vangskyrkja.



# Voss kyrkjelyd

## Kyrkjemusikalsk plan

Den kyrkjemusikalske planen vart vedteke av soknerådet i mars 2015 og er gjeldande for 4 år (ut soknerådsperioden). Bland det viktigaste som planen seier noko om finn ein i kapittel 4.2.: «Voss sokneråd ynskjer gjennom arbeidet som blir utført innan kyrkjemusikk å vera ein profilert kulturaktør i bygda.» (sitat) Planen er ikkje evaluert sidan vedtak om den vart gjort.

## Instrument

Det er jamnleg utfordringar med orgelet i Vangskyrkja. Tidlegare var det ein serviceavtale med hovudstemming annakvart år. Sist orgelet fekk hovudstemming var i september 2014. Arbeidet då vart ikkje slutført p.g.a. mangel på tid frå firma. Innan eitt til to år er det truleg behov for ein hovudgjennomgang med nokre oppgraderingar/utskiftingar. Orgelet er no 18 år gammalt.

Dagens flygel er i ferd med å verta skifta ut. Meir om dette i neste avsnitt. El-pianoet i kyrkja nyttast ved aktuelle høve.

Det er innkjøpt eit «ambulerande» instrument; eit portabelt el-piano frå Yamaha, som er tenkt nytta i heile fellesråds-området. Investeringa er betalt av fellesrådet. Instrumentet skal normalt stå i den gamle prestebustaden.

## Flygelsaka

Det er sendt ut førespurnad til aktuelle leverandørar medio januar 2018. Voss sokneråd har vedteke ei råde på 500000 NOK ekskl. Mva. Voss Sparebank har bidrege med i alt 200000 NOK til føremålet. Det resterande står Voss sokn ansvarleg for. Voss kyrkjelege fellesråd v/kyrkjevevja handterer det administrative kring innkjøpet. Anbefaling av instrument vart gjeve av fagpersonane i flygel-nemnda i mai 2016. Nytt instrument kan forventast å stå klart til sommaren.

## Kora i kyrkjelyden

Det er 4 kor knytt til aktivitet i kyrkjelyden. Desse er MiniMidi-Sing, Tween-Sing, Refleks Ten-Sing og Voss kantori (VOK). Dei 3 fyrste har aldersbestemt inndeling. MiniMidi-Sing og VOK øver ukentleg i Vangskyrkja, og tek jamnleg del i gudstenester og konsertar her. Dei to siste kora øver i Vonheim, og har ikkje faste opptredenar i Vangskyrkja. Ca. tal på medlemmer i kora er, frå dei yngste til dei eldste desse: 7, 10, 90 (inkluderer fleire aktivitetar) og 20.

Rekruttering til kora: Kyrkja konkurrerer med ei rekkje aktørar om merksemd og deltaking. Det er stort behov for ny rekruttering til alle kora, med unntak av Refleks Ten-Sing. Om ikkje tilgangen på nye medlemmer aukar, så kan fleire av kora verta omorganiserte i løpet av kort tid.





## Voss kyrkjelyd

### Nemnder og utval

Samlenemnda for kyrkjemusikk og Vossakyrkjemessa vart lagt ned hausten 2017. Det er oppretta ei ny nemnd for Vossakyrkjemessa. Den nye nemnda har 5 medlemmer.

### Konsertverksemd

Det er 2 faste hovudsatsingar gjennom året innan kyrkjemusikk: Vossakyrkjemessa og Sommarkonsert-serien. I tillegg har ein dei 2 jolekonsertane i adventstida, som óg er faste. Av andre arrangement kan nemnast haustkonserten med Supergruppo, som har vore arrangert i lag med Voss kulturskule no i 6 år på rad, adventskonserten med barnekora på 1. søndag i advent, prosjektet Folkemusikkmesse under Osa-festivalen i oktober, i samarbeid med festivalen, koret Strendingen og solistar, og ikkje minst prosjektet Sacred Concert med musikk av Duke Ellington; et samarbeid mellom 3 kor, storband og solistar, framført på Voss og i Os i mars 2017. Utanom dette har det vore 2 andre konsertar i regi av soknet. Tween-Sing og Refleks Ten-Sing har i tillegg eigne satsingar/prosjekt, typisk utanfor Vangskyrkja som arena.

### Oppsummering

Det er jamn og høg aktivitet innan kyrkjemusikk-feltet i Voss sokn. Det er framleis utfordringar med deltaking i fast, friviljug verksemd, men besøkstala for dei aller fleste arrangementa er gode. Dei økonomiske vilkåra for kyrkjemusikk-aktivitetar er heldigvis ganske gode.

Av *Magnus Kløften*, kantor

## 10. Voss Kantori (VOK).

### Rapport til Voss Sokneråd for året 2017.

Medlemstal: Vår: 30. Haust: 22.

### Styret

*Magnus Kløften* (dirigent), *Kolbjørn Blikås* (leiar), *Gunvor Sønnesyn* (nestleiar), *Liv Gunvor Mundal* (sekretær) *Ingrid W Vethe* (kasserar), *Snialvur Joanesarson* (styremedlem), *Ingunn Hommedal* og *Johannes Melve* (varafolk)





## Voss kyrkjelyd

Styret har hatt 6 møte, arbeidsutvalet 1 møte. Leiar og dirigent har jamt hatt samtalar om drifta av koret.

### Aktivitetar i 2017:

#### Vår -17 :

Gudstenester: Høgmesse 05.02 og Vossakyrkjemesse 27.05. Forsongarteneste på Salmekveld i

Raundalen Kyrkje 15.06.

Konsertar: Framføring av Sacred Concert 11.03 på Voss og 12.03 i Os. Prosjekt saman med

«Kyriakè» (Os), Birkeland Kantori og Voss Storband.

#### Haust -17 :

Gudstenester: Jubileumsgudsteneste i Mjølfjell Kapell 10.09. Hausttakkefest i Vangskyrkja 01.10.

Forsongarteneste i Vangskyrkja 12.11, 19.11, 03.12, 25.12, 26.12 og 31.12.

Konsertar: Folkemusikkmesse 29.10 Samarbeid med «Strendingen» og solistar.

Jolekonsert I og

II i Vangskyrkja 17.12.

**Voss Kantori øver kvar tysdag i Vangskyrkja kl 18.30 – 20.30.** Stemmegruppene har gruppeøvingar etter behov.

Oppslutninga frå medlemmene er jamn og god. Det er likevel naudsynt å streke under at mangel på rekruttering gjer at framtida til koret kan synast mindre ljøs enn ynskjeleg. Både dirigent og songarar - og kyrkjelyd/publikum – vil vere avhengige av at koret får monaleg tilvekst av yngre songarar. Det gjeld alle gruppene, men mannsstemmene endå meir enn kvinnestemmene. Får me ikkje nye songarar, må styret sjå på alternative organiseringar av koret sin aktivitet.

Det må elles strekast under at me stadig får meldingar frå kyrkjelyden om at koret er viktig for dei.

Takk for det!

*Kolbjørn Blikås, leiar*



## Voss kyrkjelyd

### 11. Kyrkjenytt



#### Kyrkjenytt for Vossabygdene

Postboks 49, 5701 Voss

[kyrkjebladet@voss.kyrkja.no](mailto:kyrkjebladet@voss.kyrkja.no)

#### Redaksjonsnemnda

Frå Voss: *Einar Melve*  
Frå Evanger: *Ruth Tyssen*  
Frå Vossestrand: *Nina Ure og Ingvill H. Lillethun*  
Frå Raundalen: *Gjertrud Hegg Reime*  
Frå prestane: ingen  
*Arne Mosefinn* har vore redaktør.  
Kyrkjevevja er kasserar.

Nemnda har hatt eit møte i forkant av kvart nummer.

#### Kyrkjenytt

Bladet kom ut med 6 nummer, der det siste nr. var *Jolekveld i kyrkjelyden*. Bladet har kome ut med 16 sider. Jolenummeret har 32 sider. Voss Prenteverk er grafisk formgjevar. Opplaget har vore 6800. Trykkinga skjer hjå Bodoni i Bergen.

Bladet har gjerne reportasjar om det som har hendt i kyrkjelydane, og noko førehandstale av det som skal skje – gjerne med biletstoff. Spalta "Mine tankar om ..", andakten, og «I samtale med ...» - der vi har intervjuar personar på Voss om deira tilhøve til kyrkja og trua - er fast i kvart nr. Trusopplæringa har gjerne sider med omtale/bilete av hendingar frå det feltet. Store oppslag dette året har vore avskil med John-Ove Thaule og Mjølfjell kapell sitt 50-års jubileum.

Bladet går ut som uadressert post (fulldistribusjon) til alle husstandar i Voss kommune. Om lag 50 personar/institusjonar, dei fleste utanfor Voss, får bladet tilsendt som B-post. Elles vert det levert ei bunke blad direkte til alders- og sjukeheimar.



## Voss kyrkjelyd

### Økonomien

Frivillige bladpengar var også i 2017 kr. 200,-, med høve til å gje ei gåve i tillegg. Det var lagt ved giro-blankett i nr. 2. Det vart også lagt inn giro i jolenummeret, med høve til å betala kr. 75,-. Gledeleg mange har betalt frivillig. Elles vert det selt annonser både i det vanlege bladet og i joleheftet, slik at økonomien går omlag i balanse. Det er vanskeleg å skaffa langsiktige annonsørar.

For redaksjonsnemnda

*Arne Mosefinn*

## 12. Klokkartenesta

### Klokkarlaget i Vangskyrkja


Klokkarlaget i Vangskyrkja samarbeider med prest og kyrkjetenar om ei rekkje av dei tenestene som høyrer til i samband med gudstenesta: Ønskja velkomen og hjelpa til rettes, tekstlesing, hjelpa til under dåp og nattverd og praktiske oppgåver før, under og etter gudstenesta. Me har ofte også med konfirmantmedhjelparar som me instruerer til å hjelpa med nokre av oppgåvene. Det er eit gjevande arbeid å vera med i klokkarlaget.

Me har dette året vore åtte til ni medlemmer i laget. Det er ikkje alle av dei som har tid til ta på seg så mange av tenestene, så me skulle gjerne ha hatt fleire klokkarar.

Dei som er med i laget, er:

*Agnar Afdal, Irene Bjørtomt, Nora Sæthre Baartvedt (slutta hausten 2017), Bente Daltveit, Per Helleve, Gerd Landro (slutta våren 2017), Borghild Melve, Torill M. Ringheim, Norunn Rong og Olav Sønnesyn.*

*Torill M. Ringheim fungerer som koordinator for tenesta.*



## Voss kyrkjelyd

### 13. Kyrkjekaffinemnda

Dette året har nemnda hatt ansvar for kaffi 13 sundagar.  
Dei fleste gongene har det vore laga til i Raundalskyrkja.

- 8. jan. : Gudsteneste med jolefest
- 5. febr. : Årsmøte etter gudstenesta
- 19. mars : Gudsteneste med babysong
- 23. april : Familiegudsteneste
- 30. april : Basar i Kyrkjetunet etter gudstenesta
- 28. mai : Vossakyrkjemessa. Kaffi og marsipankake ute
  
- 3. sept. : Gudsteneste
- 24. sept. : T4-sundag
- 1. okt. : Hausttakkefest
- 8. okt. : Gudsteneste med kaffi i Kyrkjetunet. Velkome og presentasjon av Cato Torsvik
- 29. okt. : Folkemusikkmesse
- 5. nov. : Helgemessesundag med kaffi i Kyrkjetunet.
- 3. des. : Gudsteneste

Desse har vore med i nemnda:

*Aslaug Tylden, Åshild Edal, Bjørg Kari Afdal, Kari Brunborg, Marit Tillung Helleve, Margunn Moen Dugstad, Ingrid Hagebø og Anne Karin Hellesøy.*

For kyrkjekaffinemnda  
*Marit Tillung Helleve*

### 14. Voss Kyrkjeakademi

*Voss Kyrkjeakademi vart skipa i 1997, som medlem av Norske Kyrkjeakademi (NKA), og arrangerer foredrag og program med tema mellom kyrkje, kultur og samfunn; for berekraftige liv, medborgarskap, folkehelse og livsmeistring.*





## Voss kyrkjelyd

**Det var 5 tilskipingar i 2017**, med publikum totalt 281.

**MÅNDAG 6. MARS** kl. 19.00 i Voss Kulturhus. **Margreth Olin, prisløna regissør, presenterte den nye filmen sin: BARNDOM. Om å ivareta barnet i oss.** Ho har gjort mykje for å fremja heilskapstenking og gode endringar i skule og barnehagar i Noreg. Samarbeid med Voss Kino. Publikum: 148

**TORS DAG 20. APRIL** kl. 19.00 i Vangskyrkja. **Markering av Voss Kyrkjeakademi sitt 20-årsjubileum.** Steinar Rygg opna kvelden med hardingfeleslåttar som fylte kyrkjerommet med høgtid. På grunn av sjukdom vart det ikkje som planlagt ein kveld med Kristin Gunleiksrud Raaum, leiar i Norsk Kyrkjeråd og generalsekretær i Norske Kyrkjeakademi. Ho skulle snakka om **kyrkja og framtida** og me heldt oss til dette tema. Nils Dagestad og sokneprest Kjersti Brakestad Boge fortalde om sine erfaringar med deltaking i Bispedømerådet og Kyrkjerådet. Den engelske presten, Don MacGregor, som var på Voss for å delta i eit seminar om endringar i den kristne åndsarven vår -ny innsikt i gamal lærdom - fortalde om situasjonen i kyrkjene han har ansvar for i England. Leiaren for seminaret, David Karchere, frå Colorado, leia oss alle til slutt i ei stille stund med toning, ei ordlaus bøn der stemmene våre fylte kyrkjerommet. Så var det kaffi og kake og feststemt sosialt samver i Kyrkjetunet si stove. Publikum: 40

**ONSDAG 31. MAI** kl. 19.00 i Vonheim. **Tidlegare sjefsredaktør i Vårt Land, Helge Simonnes**, snakka om kyrkja 500 år etter Luther, og hadde som tema: **"Skyv kyrkja folk frå seg?"** I samarbeid med biskopane i Den norske kyrkja gav han i fjor ut ei bok om folk sine erfaringar med kyrkje og kristendom, og tankar om korleis ein kan vera med å tenkja nytt. Publikum: 40.

**ONSDAG 25. OKTOBER** kl. 19.00 i Vonheim

**Foredrag ved Magne Lerø: "Pengenenes makt: Svøpe eller velsignelse."**

Han gjekk gjennom bibeltekstar om rikdom og makt/fattigdom både i gamle og nye testamentet, og gjennom kyrkjarahistoria om korleis kyrkja hadde brukt/misbrukt pengar og makt. Viste både til avlatshandel og til Hans Nielsen Hauge og hans rørsle. Mykje av vår velferdsstat; både helsevesen og skulevesen var i si tid starta i kyrkjeleg regi. Publikum: 18.

**ONSDAG 29. NOVEMBER** kl. 19.00 i Vonheim



## Voss kyrkjelyd

**Ola Grytten, professor i økonomisk historie ved Norges Handelshøgskole** og spesialrådgjevar for Norges Bank: **”Norges mest undervurderte gruppe? Hans Nielsen Hauge og hans etterfølgeres entreprenørskap.”** I foredraget sitt viste han tydeleg kor viktige desse var i forminga av det moderne Noreg med entreprenørskap innan politikk, næringsliv, arbeidervelferd, folkeopplysing og sosiale reformer. Publikum: 35

**Styringsgruppa** som har hatt 6 møte i år:

*Kari Bye, leiar*

*Nils Dagestad*

*Bernt Daltveit, kasserar*

*Olav Dahlberg*

## 15. Nokre kyrkjelege tal og tiltak

### Kyrkjelege tal

Det var i Vangskyrkja siste året i alt 88 døypte (mot 105 i 2016, 131 i 2015, 95 i 2014, 136 i 2013, 112 i 2012). Talet på konfirmantar var 123 (mot 134 i 2016, 128 i 2015, 119 i 2014, 131 i 2013, 136 i 2012). Det var 30 brudepar (mot 17 i 2016, 31 i 2015, 19 i 2014, 24 i 2013, 23 i 2012). Talet på gravlagde i soknet var 113 (mot 120 i 2016, 106 i 2015, 120 i 2014, 109 i 2013, 110 i 2012).

### Dåpstalet

Dåpstalet siste året er ikkje særskilt høgt. Vi har også mange dåpar for utflytta vossingar. Det var berre 68 dåp av tilhøyrande i soknet. Til det er det også å nemna at det førre året berre var om 94 fødsler av dei som tilhøyrar Den norske kyrkja i soknet. Det vil alltid vera noko overheng frå fødsler i 2016 til dåp i 2017 og tilsvarende fødsler i 2017 og dåp i 2018. Det tenkjer eg jamnar seg ut kvart år. Men vi har då framleis ein dåpsprosent på 72% av tilhøyrande til soknet (mot 89% i 2016).

### Konfirmantarbeidet og andre kyrkjelege handlingar

Talet på konfirmantar ligg jamt høgt. 123 konfirmantar er 93% av medlemmane (mot 98% i 2016).



## Voss kyrkjelyd

I talet på kyrkjelege vigslar er det ein oppgang til 30 vigslar, jamført med fjoråret på 17 vigslar. For gravferder er det som før: Her gjer praktisk talt alle i soknet seg bruk av kyrkja sine tenester.

### Gudstenester

Det er for siste året i Vangskyrkja registrert i alt 71 gudstenester på sun- og helgedagar. Det er nok færre enn i fjor (74 gudstenester). I gjennomsnitt pr. gudsteneste deltok 149 deltakarar (mot 174 førre året). Vi hadde fleire store gudstenester i 2015 med jubileumsgudstenester og avskilsgudsteneste for Ivar Molde. Frammøtet på vanlege høgmesser er i snitt 129 (mot 126 i 2016). Vi opplever at vi har ei utfordring i å få med fleire yngre vaksne og ungdommar. Det har vore dåp og nattverd i regelen annankvar gong. Det er elles stor variasjon i ulike typar gudstenester. Vi har også siste året hatt tilbod om søndagsskule mange søndagar. Dei har hatt eit varierende oppmøte.

### Reformasjonsåret

Sidan det er 500 år sidan Martin Luther sette opp dei 95 tesane, har vi i Vangskyrkja hatt to dører der vi har sett opp våre tesar. Takk for alle innspela til kva som er viktig for kyrkja og menneska i dag:

1. Frelsa er ikkje til sals
2. Menneske er ikkje til sals
3. Naturen er ikkje til sals
4. Bibelens ord er levande ord som må talast på ny i kvar tid!
5. Guds Ånd er i alt som lever.
6. Gud lar seg finne den for den som søker
7. Guds kjærlighet er alt vi trenger.
8. Vi trenger Gud i en verden der alt styres av det vi må ha.
9. Alle menneske er like mykje verdt, uansett religion
10. Det må setjast ein pris på natur. Alle som gjer inngrep i naturen må betala for seg.
11. Me må få gram åndskrafta i kulturarven vår.





## Voss kyrkjelyd

- 12.** Søndag er kyrkjedag.
- 13.** La oss alltid legge vårt liv i hans hånd.
- 14.** Kyrkjelyden er Kristi lekam og dei er uttrykket for tru i bygda vår.
- 15.** Borna treng ei frisk og berekraftig jord.
- 16.** Det er betre å møte menneske med nåde enn med hat.
- 17.** Den rettferdige skal leve av tro.
- 18.** I trua på Kristus er det godt og viktig at me feirar gudsteneste i lag, sjølv om me ikkje skulle vera einige i alle trusspørsmåla.
- 19.** Jesus sa: syndene dine er tilgjevne: Gå bort og synd ikkje meir.
- 20.** Enhver sann kristen, enten levende eller død, har del i alle Kristi og kirkens goder; dette blir gitt av Gud, også utan avlatsbrev ( Luthers tese 37)
- 21.** Når eg kneler blir alt større, også eg sjølv.
- 22.** Me rettar trua vår mot Gud, gjerningane mot medmenneska.
- 23.** Kirkens sanne skatt er likevel Guds ære og nådens høye evangelium (Luthers tese 62)
- 24.** Alle folkeslag må få kjenna evangeliet.
- 25.** Alle kristne må vera med i misjonsoppdraget.
- 26.** Ein skal læra dei kristne at den som gjev til den fattige eller låner til den den som er trengande, handlar betre eller riktigare enn den som lørsar avlat. (Luthers tese 43)
- 27.** Den som vågar å be er aldri hjelpelaus.
- 28.** Det guddommelige vises klast i det menneskelige.
- 29.** Frykt ikkje! Lat oss opne våre hjarterom for det me ikkje kjenner og ta imot utan frykt.
- 30.** Saman er vi Kristi lekam, ikkje ein og ein.



## Voss kyrkjelyd

**31.** Den som kneler for Gud, kan stå oppreist.

**32.** Alle kristne må ha rett til å gifta seg i kyrkja.

*Kjersti Brakestad Boge, sokneprest på Voss*

## 16. Sluttord

**Soknerådet vil til sist få takka alle friviljuge som denne tida har vore med i arbeidet. Ei særleg takk til dei som har teke del i nemnder og utval - og dei tilsette. Takk til kyrkjelyden for frammøte, gjevarteneste og forbøn!**

Voss sokneråd

*Inger Johanne Gullbrå*